

Læreplan i lyddesign

Fastsatt som forskrift av Utdanningsdirektoratet 24. mars 2021 etter delegasjon i brev av 13. september 2013 fra Kunnskapsdepartementet med hjemmel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 3-4 første ledd.

Gjeld frå 01.08.2021

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Lyddesign handlar om utvikling av eigne lyduttrykk. Faget skal bidra til løysingar på noverande og framtidige utfordringar innanfor lydproduksjon. Faget skal etablere medvit om dei auditive uttrykka som omgir oss, og korleis desse blir brukte i medieproduksjonar. Lyddesign skal bidra til forståing av den rolla lydproduksjonen spelar i ein kulturhistorisk samanheng. Dette omfattar forståing av moglegheitene til å ytre seg kreativt og målretta gjennom lyd i ulike kanalar og sjangrar.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnet for opplæringa. Lyddesign skal bidra til å utvikle forståing av lyd som uttrykk for kulturelt mangfald og av korleis lyd påverkar og skapar identitet. Gjennom at elevane får oppleve, utforske og skape auditive uttrykk skal faget bida til at dei utviklar estetisk sans, kritisk tenking, skaparglede og kreativitet. Å arbeide i samsvar med etiske normer og gjeldande regelverk er sentralt i faget.

Kjerneelement

Lyduttrykk

Kjerneelementet lyduttrykk handlar om å forstå kva rolle lyden spelar i ulike medieproduksjonar før og no. Dette omfattar musikk, radio, lyd i fleirmediale produksjonar og lydestetikk på offentlege stader. Lyduttrykk handlar òg om å kunne identifisere og beskrive ulike element i eit lydbilete og forstå kva funksjon dei har. Analytisk og reflekterande lytting er sentralt for å forstå og vurdere lydproduksjonar.

Lydproduksjon

Kjerneelementet lydproduksjon handlar om å produsere medieprodukt i forskjellige sjangrar og for ulike plattformer. Dette inneber å utvikle idear, anvende produksjonsverktøy og kommunisere auditivt. Lydproduksjon handlar òg om å kunne presentere ein budskap, skape eit kreativt uttrykk og fortelje med auditive og lydtekniske verkemiddel. Vidare handlar lydproduksjon om å utforske nye arbeidsformer og uttrykk i takt med den teknologiske utviklinga.

Tverrfaglege tema

Demokrati og medborgarskap

I lyddesign handlar det tverrfaglege temaet demokrati og medborgarskap om korleis auditive uttrykk kan påverke haldningane og handlingane våre.

Gjennom arbeid med faget utviklar elevane kunnskap om lydproduksjon som berar av meiningar og kulturelle uttrykk.

Grunnleggjande ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter

Munnlege ferdigheiter i lyddesign inneber å uttrykkje seg auditivt og å samtale om, drøfte og analysere ulike lyduttrykk med bruk av relevant fagterminologi.

Å kunne skrive

Å kunne skrive i lyddesign inneber å gjere greie for og drøfte problemstillingar knytte til eigne og andre sine medieprodukt. Vidare inneber det å produsere og presentere tekstar i ulike sjangrar i lydproduksjon.

Å kunne lese

Å kunne lese i lyddesign inneber å tolke, analysere og forstå korleis lyd kommuniserer og skaper meining i ulike medieprodukt.

Å kunne rekne

Å kunne rekne i lyddesign inneber å bruke kunnskap om lyd som fenomen i tekniske prosessar.

Digitale ferdigheiter

Digitale ferdigheiter i lyddesign inneber å lage, behandle, lagre og publisere lydproduksjonar ved hjelp av digitale ressursar. Det inneber òg å følgje gjeldande reglar for opphavsrett, personvern og publisering.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering lyddesign

Kompetansemål etter lyddesign

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- gjennomføre lydproduksjonar i ulike sjangrar og tilpasse dei til ulike medium
- bruke verktøy og programvare for opptak, redigering, miksing og mastring av lyd

- anvende fagterminologi i beskriving og vurdering av egne og andre sine lydproduksjonar
- vurdere og anvende ulike forteljeteknikkar og auditive verkemiddel for å forsterke ein budskap
- vurdere egne og andre sine produksjonar i ein uttrykkshistorisk samanheng, og utforske nye uttrykk og teknikkar i lydproduksjon
- vurdere og bruke filformat tilpassa ulike publiseringskanalar for lyd
- anvende aktiv lytting for å kunne beskrive og tolke innhaldet i lydproduksjonar
- analysere lyd som verkemiddel og berar av meining og kulturelle uttrykk, og drøfte korleis lyduttrykk kan påverke haldningar, handlingar og offentleg diskurs
- gjere greie for og drøfte etiske normer og gjeldande regelverk i egne og andre sine lydproduksjonar

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget lyddesign. Elevane viser og utviklar kompetanse i faget når dei identifiserer, beskriv og analyserer ulike element i eit lydbilete og funksjonen desse har. Vidare viser og utviklar elevane kompetanse i faget når dei utviklar idear, anvende produksjonsverktøy og kommuniserer auditivt i utforminga av ulike medieproduksjonar.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst ved at elevane får utforske faglege problemstillingar og arbeide kreativt for å finne svar på desse. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i analytisk lytting og produksjon av ulike lyduttrykk, og elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over eiga fagleg utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å forstå auditive uttrykk og anvende desse i egne produksjonar.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har ved avslutninga av opplæringa etter lyddesign. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon, kreativitet og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i lyddesign basert på kompetansen eleven har vist ved å analysere og drøfte auditive uttrykk og produsere lydarbeid i ulike sjangrar.

Vurderingsordning

Standpunktvurdering

Lyd: Eleven skal ha éin standpunktkarakter.

Eksamen for elevar

Lyd: Eleven kan trekkjast ut til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Eksamen skal ha førebuingsdel.

Eksamen for privatistar

Lyd: Privatisten skal opp til ein praktisk eksamen. Eksamen blir utarbeidd og sensurert lokalt. Fylkeskommunen avgjer om privatistar skal få førebuingsdel ved lokalt gitt eksamen.